

Kontrastar i båthamna

29.07.2008



Farkostar av alle slag passerer revy i båthamnane i Uskedalen om dagen og mange av båtane blir beundra av dei som følger med etter kvart som farkostane går ut eller inn. Kontrastane er store og i dei siste dagane har nokre fått spesiell merksemd.



Det gjeld ikkje minst ein Princess i superklassa (57) frå Bergensområdet som har lege lengst ute på moloen (øvrste biletet). Denne typen er utifrå dei opplysningane vi har 58 fot lang og har ein normal fart på 26 knop. I nokre annonsar er denne typen bode fram for vel 6 millionar kroner - brukt.

Det gjeld også i høgste grad ei skøyte som har vore ankra opp midt på Stølavikjo. Det lukkast ikkje uskedalen.no å få kontakt med mannskapet før båten forlet oss ved 12-tida tysdag føremiddag, men ein sjøulk på Sandakaaien kalla han "ein hybrid Collin Archer".

Endeleg har ein vakker båt som heiter Vestavind og kjem frå Eidfjord (biletet nederst) fått merksemd. Ein skulle tru at det er ein skyssbåt som har sommarferie frå tenesta i indre Hardanger, men eigaren opplyser at han blir nytta berre til privat-trafikk.

Av Ola Matti Mathisen

